

Landssamling for fylkesavlsutvalga for sau

Referat



**Tid: fredag 16. og lørdag 17. mars 2001
Stad: Quality Airport Hotell, Stjørdal**

Program

Fredag 16. mars

kl. 09.30	Kaffi
kl. 10.00 – 10.15	Innleiing v/ Sigurd Krekke
kl. 10.15 – 10.45	1. Plan for revisjon av saueavlen - handlingsplan Gjennomgang v/ Sigurd Krekke
kl. 10.45 – 11.15	2. Indeksutrekning
kl. 11.15 – 12.00	a) Inndeling i avls- og bruksbuskapar v/Signe Dahl
kl. 12.00 – 13.00	b) Morsevne basert på vårvekt v/ Anne Guro Larsgard Lunsj Indeksutrekning forsetter
kl. 13.00 – 13.30	c) Augustindeks og foreløpig lammeindeks v/ Signe Dahl
kl. 13.30 – 14.00	d) Indeksar til seminavkom v/ Inger-Johanne Holme
kl. 14.00 – 14.30	3. Semin a) Team Semin / Prosjekt Småfesemin v/ Heiko Paulenz
kl. 14.30 – 15.00	b) Seminåret 2000 v/Olav Tiller
kl. 15.00 – 15.45	c) Orientering frå dei lokale seminstasjonane i Rogaland, Hordaland og Troms
kl. 15.45 – 16.15	Kaffi
kl. 16.15 – 16.45	4. Orientering frå sauekontrollen v/ Ola Nafstad og Birger Ingebrigtsen Semin forsetter
kl. 16.45 – 17.15	d) Uttak av seminvêrer 2001 v/ Olav Tiller
kl. 17.15 – 18.00	5. Semingransking v/ Signe Dahl

Til kvart tema er det sett av ca. 10 minuttar til diskusjon

kl. 19.00 Middag

Lørdag 17. mars

kl. 08.30 – 08.45	6. Eigenerklæringsskjema for vêreringar v / Leiv Sigbjørn Eikje
kl. 08.45 – 09.15	7. Kursmateriell for kåringsdommarar v/ Leiv Sigbjørn Eikje
kl. 09.15 – 09.45	8. PC-kåring v/ Lars Erik Wallin
kl. 09.45 – 10.00	9. Ull i avlsarbeidet
kl. 10.00 – 10.30	a) Vektlegging av ull i indeksen v/ Leiv Sigbjørn Eikje
kl. 10.30 – 11.00	b) Ulldømming på kåringa v/ Sissel Berntsen
kl. 11.00 – 11.30	Kaffi
kl. 11.30 – 11.45	10. Erfaringar i Rogaland med kjøtkåring v/ Rune Osland
kl. 11.45 – 12.00	11. Midler til det fylkesvise avlsarbeidet v/ Odd E. Risan
kl. 12.00 – 12.45	12. Nytt frå Nsg/Nsg Semin AS v/ Odd E. Risan
kl. 13.00	13. Oppsummering/ avslutning v/ Sigurd Krekke
Heimreise	Lunsj

Deltakarar

Representantar frå fylkesavlsutvalga

Rune Sandklev	Østfold
Anne Grete Stabekk	Østfold
Stein Bentstuen	Oslo og Akershus
Kjell Horten	Hedmark
Jon Gunnar Karterud	Hedmark
Svanhild Bakke (lørdag)	Hedmark
Ken Lunn	Oppland
Anders Svare	Oppland
Jon R. Aas	Buskerud
Per H. Liahagen	Buskerud
Tor Einar Lid	Telemark
Oddvar Brekke	Telemark
Arild Grødum	Aust-Agder
Erling Brekkemoen	Aust-Agder
Rune Osland	Vest-Agder
Guttorm Gudmestad	Rogaland
Bjørn Høyland	Rogaland
Gisle Havsgård	Hordaland
Kristen Risnes	Hordaland
Halvard B. Haugen	Sogn og Fjordane
Jostein Vonheim	Sogn og Fjordane
Atle Bakken	Møre og Romsdal
Brit Kari Hauger	Møre og Romsdal
Jon Ramsøy	Møre og Romsdal
Brit Barstad	Sør-Trøndelag
Magnar Skjerve	Sør-Trøndelag
Kent Berg	Sør-Trøndelag
Kjell Tore Nagelhus	Nord-Trøndelag
Sverre Dybwad	Nord-Trøndelag

Nils Sundal	Nord-Trøndelag
Birger Ingebrigtsen	Nordland
Elin Bakken	Nordland
Oddvar Olsen	Troms
Eirik Larsen	Troms
Frank Simensen	Finnmark
Laila H. Berntsen	Finnmark

Landsrådet for saueavl

Sigurd Krekke (leiar)
Olav Tiller (nest-leiar)
Lars Ivar Fause (vararepr.)
Tormod Ådnøy (Institutt for husdyrfag)
Gunnar Klemetsdal (vararepr.) (fredag)
Inger-Johanne Holme (småfekonsulent)
Signe Dahl (avlskonsulent/forskar)
Leiv Sigbjørn Eikje (avlskonsulent)

Andre

Odd E. Risan (styreleiar i Nsg)
Lars Erik Wallin (organisasjonssjef, Nsg)
Anne Guro Larsgard (Institutt for husdyrfag)(fredag)
Heiko Paulenz (Team Semin) (fredag)
Sissel Berntsen (Fagsenteret for ull) (lørdag)
Ola Nafstad (Fagsenteret for kjøtt) (fredag)
Trine T. Opseth (Fagsenteret for kjøtt)
Magne Lindtvedt (Team Sau)
Bjørn Wæhre (Team Sau)
Roar Berglund (Lyngsalpan seminastasjon, Troms)

Innleiing

Sigurd Krekke ønskte velkommen.

Per H. Liahagen vart valgt til ordstyrar.

Plan for revisjon av saueavlen – handlingsplan

Sigurd Krekke gjekk innleiingsvis gjennom saker som var gjennomført, saker ein heldt på med og saker som står igjen å løysa i Plan for revisjon av saueavlen.

Denne oversikta er tidlegare og sendt avlsutvalga for sau, v/ leiar og sekretær, som vedlegg til referat frå møte i landsrådet 16. november, sak 46/00.

På forrige landsamling for avlsutvalga for sau. 9. og 10. februar 1999 i Stjørdal, fekk landsrådet støtte for at følgjande oppgåver var viktigast i det vidare arbeidet. Desse var:

1. Å ta tilstrekkeleg hensyn til år 2000 problematikk.
2. Å utvikle ein betre indeks for morsevne.
3. Å sørge for at seminavkom med far frå ei anna berekningspulje får meir korrekte indeksar.
4. Å unngå at ein-sidedig bruk av vêrer fører til låge indeksar i buskpar som kjøper indekxvêrer.

Prioriterte oppgåver for denne samlinga var:

1. Indeks for morsevne basert på vårvekt
2. Seminavkom
3. Augustindeks
4. Nytt utplukksprogram

Alle punkta, så nær som hensyn til år 2000 problematikk, vil verta nærare omtala seinare i referatet. Nytt utplukksprogram er omtala under overskrifta ”indeks for morsevne basert på vårvekt.”

I samband med revisjon av saueavlen, og arbeidet med gjennomføringa av denne, har det vore informert om saksgangen gjennom møter, rundskriv og i Sau og Geit.

Krekke uttrykte difor undring over ein del av den debatten ein hadde hatt hausten 2000, i etterkant av gjennomføringar av endringar, der det av enkelte har vore hevda at endringane har kome overraskande.

Krekke kom såleis inn på organiseringa av saueavlen (Fig. 1), og påpeika viktigheita av at dei ulike ledda fungerer med omsyn til informasjon ut til medlemmene og tilbakemeldingar på det arbeidet som vert gjort sentralt. Avlsutvalga har ei svært viktig oppgåve som bindeledd for avlsarbeidet mellom Landsrådet for saueavl og sauebøndene i fylket dei representerer.

ORGANISASJONSKART




Fig. 1. Organisering av saueavlen

Indeksutrekning

Inndeling i avls- og bruksbuskaper

Signe Dahl orienterte om bakgrunnen for grupperinga i avls- og bruksbuskaper, der avlsbuskaper er vêringar, seminringar og vêrehaldslag.

Berekning av buskaps/år-effekt i modellen ved indeksutrekning krev at det er tilstrekkeleg med omskifting av vêrer mellom buskapane.

Dette er som kjent tidlegare løyst på vêresida. Men når søyeindeksane til buskaper utanom det som no vert kalla avlsbuskaper vert berekna med alle data vil dei verta lågare enn det som er rett, som følge av den ein-sidede bruken av innkjøpte indeksvêrer.

Ved å setja middeltalet for indeksane i bruksbuskapane ut frå middelindeks i buskapen, unngår ein urett lågare indeks på søyene og det vert større høve til å stilla vêrlam til kåring (pga. av høgare ættepoeng). Ein får og fram at det ikkje er rett å samanlikna indeksar i avlsbuskaper med indeksar i bruksbuskaper.

Diskusjon

Det kunne vore informert betre på førehand for ein innførte avls- og bruksbuskaper, men på direkte spørsmål var det ingen som meinte at ein burde endre på denne grupperinga.

Avlsutvalga støtta arbeidet som var gjort. Nokre meinte at mange hadde blanda saman problema med dataene i sauekontrollen med inndeling i avls- og bruksbuskaper.

Det er viktig at det vert arbeidd med oppretting av vêrehaldslag, der det ikkje er moglegheit til å delta i ring.

Innføringa av 0 som middeltal i bruksbuskapane vart diskutert og nokre meinte at dette kunne vere pedagogisk uheldig.

Presentasjon av sikkerhet på indeks, etter struktur på avlsarbeidet i buskapen, vart tatt opp. Dette er noko det vert arbeida med i forskarmiljøa.

Morsevneindeks basert på vårvekt

Anne Guro Larsgard tok før seg arbeidet med utvikling av morsevneindeks basert på vårvekt, som er tenkt brukt saman med morsevneindeks basert på haustvekt. Integrert i dette arbeidet har vore bruk av nytt dataprogram for indeksutrekning, eit program som mellom anna er meir fleksibelt med omsyn til endringar/innføring av nye eigenskapar. Dataprogrampakka kjem frå Danmark og vert i dag nytta delvis av Geno og skal sannsynlegvis takast i bruk Norsvin. I samband med dette må det byggast opp nye datafiler for indeksutrekningane (= utplukksprogram). I motsetning til slik det er no, der sauekontrollen byggjer opp datafilene, vil det vera Nsg som står for dette.

Larsgard gjekk gjennom kva effekter, som ikkje er genetisk betinga, ein har korrigert for. Det gjenstår framleis arbeid med korleis ein skal korrigere for alder til lammet ved vårveging. Det er svært aktuelt å korrigere vårvektene ulikt, avhengig av i kva del av landet lamma vert vogne.

I indeksutrekningssprogrammet vert ulogiske data og feilregistreringar sletta, ein legg inn ei grense for alder ved vårveging og haustveging, vårvekter, haustvekter, burd til lamma og alder til søya.

Larsgard var skeptisk til å vårvege lam yngre enn 20 dagar utan at fødselsvekta var med i berekningane. Berekingar med fødselsvekt er ikkje gjort.

Vår- og haustvekter frå buskapar i Oppland, Buskerud og Nord-Trøndelag har danna grunnlaget for det utviklingsarbeidet som er gjort.

Døme på "nye" indeksar vart presentert.

Konklusjonen er at den nye programvara for berekning av avlsverdiar ser ut til å fungere bra og at noko arbeid gjenstår for å "finjustere" den nye modellen og det nye datautplukket. Både vår- og haustvekt bør inngå i berekinga.

Diskusjon

I diskusjonen vart det peika på at dei nordlegaste fylka vil få problem med å vårvege lamma så seint som ved 20 dagars alder, då beiteslepp i utmark ofte finn stad før denne tid.

Hadde ein hatt informasjon om fødselsvekta kunne ein fått tatt hensyn til denne ved vårveging ved ein lågare alder.

På sør-vestlandet slaktar ein ein god del lam som er yngre enn det som var sett som nedre grense for alder ved haustveging (110 dagar).

Augustindeks og lammeindeks

I 2001 vil det verta presentert indeksar i august/september i tillegg til oktober/november, med grunngeving i dei problema ein hadde med dataene i sauekontrollen hausten 2000.

Presentasjon av begge indeksutrekningane kan vere aktuelt også seinare år:

Signe Dahl orienterte om at det sidan 1997 har vorte utrekna indeksar i august/september for betre å rangera seminvêrene. Søyendeindeksane har til no ikkje vorte offentleggjort.

Ved å presentere indeksane for søyer og vêrer i august/september får ein indeksar, der den siste informasjonen om lammetal og påsikt; vårvekter er med. Ved innføring av lammeindeks (sjå nedanfor) og, vil ein få eit sikrare grunnlag for vurdering av saulam til påsett og vêrlam til kåring.

Indeksane i oktober nyttar ein for å planleggja eliteparinga.

Spørsmålet er i kva grad dette er nødvendig og korleis dette eventuelt skal gjerast:

- Er det nødvendig å senda ut indeksane i august/september og i oktober/november i same omfang?
- Korleis skal indeksane sendast ut?
- Skal hovudindeksane bereknast i august/september eller oktober/november?
- Korleis skal ei utsending av ekstra indeksar finansierast?

På sikt kan også lam få BLUP-indeks i august, berekna på grunnlag av eigne opplysningar (vårvekt og lammetal) og opplysningar om slekt.

Diskusjon

Ein må utrede kor stor forskjell det er på indeksane utrekna i august/september og oktober/november.

I område der paringa startar tidleg er augustindeks svært aktuelt.

Måtar ekstra sett med indeksar kan sendast ut på vart diskutert. Alternativer som vart nevnt var internett, gjennom produksjonsveileidar, på haustvegelistene, gjennom avlsutvalg, gjennom vêreringane.

Spørsmål omkring dette vil verta sendt ut på høyring i avlsutvalga.

Indeksar til seminavkom

Inger-Johanne Holme orienterte om arbeidet med korleis avkom etter seminvêrer, som får indeksar utrekna i anna berekningspulje, kan få riktigare indeksar:

- sørge for større avkomsgrupper etter kvar seminvêr i kvar pulje, ved styrt bruk av seminvêrene.
- slå saman fleire puljer til større einingar ved indeksutrekninga.
- gruppere dyra annleis i sjølve indeksutrekningprogrammet slik at dei får eit riktigare genetisk nivå enn dei får nå (krev overgang til nytt indeksutrekningprogram).

Ein vil halda fram med å styre bruken av seminvêrene. Ein vil i framtida ikkje gje 3 poeng ekstra på O-indeksen til seminavkom.

Det vert elles arbeida mest med samanslåing av berekningspuljer:

- Fordelene er at ein får med meir slekt for kjøpte dyr og seminavkom og det vert færre puljer å berekne indeksar på
- Ulempene er at ein får ei endring i indeks på dei fleste dyra (anna samanlikningsgrunnlag) og eit mogleg problem med datamaskinkapasiteten.
Dersom puljene for Norsk kvit sau vert for store til at datamaskinene kan handtera dei kan ein:
 1. Slå saman færre puljer enn opprinneleg tenkt.
 2. Berre ta med data frå avlsbuskapar i dei nye "storpuljene" og berekne indeksar for bruksbuskapar som før m.h.p puljeinndeling (ca. 25% reduksjon i datamengden).
 3. Fjerne opplysningar om gamle slaktelam. (ca. 7 % reduksjon i datamengden pr. årgang, litt mindre for årgangar før 1990). Dette kan slå uheldig ut spesielt for morsevne.

Endringar i berekningspuljene hausten 2001:

- Rogaland og Østfold bør slåast saman for Norsk kvit sau, då begge fylka er med og granskar texelverlam ved semin.

- Seminprøvevêrer av spæd vert granska i Hordaland, Rogaland og Vest-Agder, og desse fylka bør såleis slåast saman til ei spædpulje.
- Samanslåing av alle spædpuljene i landet til 1 eller 2, sjå diskusjonen nedanfor.

Diskusjon

Utgangspunktet for diskusjonen var kor raskt og i kva omfang ein kan slå saman berekningspuljer framover.

Det kom synspunkt på at det skal lite til før indeksane vert om att køyrd. Dersom dei vert det vert det vanskelegare å tilpassa seg puljer med seinare slaktefrist.

Ein måprøve ut puljesamanslåing skikkeleg slik at ein ser kva endringar dette vil føre til på indeksane.

I Møre og Romsdal vert spædringen dei har rekna som ei pulje.

Det er realistisk å slå saman spædpuljene til 1 eller 2 allereie til hausten.

For Norsk kvit sau er det i fyrste omgong aktuelt å slå saman til 3-4 puljer hausten 2002.

Ein vart einige om at det skal sendast ut spørsmål frå landsrådet til avlsutvalga, der ein ber om ei tilbakemelding på korleis ei puljeinndeling kan sjå ut frå deira synsstad.

Semin

Team Semin/Prosjekt småfesemin

Prosjekt småfesemin ligg nå innunder Team Semin. Heiko Paulenz presenterte forskningsoppgåver og resultater.

Resultat syner at tilslaget er like godt anten ein deponerer fersk sæd i skjeden eller i børhalsen til søya. Ein har og funne at er forskjell i tilslaget avhengig av dosestorleik. Det er betre resultat med 200 millionar enn med 100 millionar sædceller

Til hausten vil ein mellom anna ha feltforsøk i Rogaland, der ein skal prøve med enklare inseminasjonsteknikk ved bruk av frosen sæd. Det er og aktuelt med forsøk i Nord-Trøndelag, der ein skal prøve ut ny stråtype og opptiningstemperatur ved bruk av frosen sæd.

Diskusjon

Ein er framover nødt til å selektera seminvêrene strengare med omsyn til sædkvalitet, paringslyst mm. Ein vil i framtida i sterkare grad ta i bruk måleutstyr for å vurdere sædkvaliteten.

Lammetal etter semin vart og diskutert. Det vart understreka at lammetalet alltid vil verta noko under det ein opplever etter naturleg paring.

Seminåret 2000

Olav Tiller oppsummerte seminåret 2000 ved seminstasjonen på Staur.

På grunn av at noko byggearbeid gjenstod, samstundes som at vêrene kom noko for seint på plass på stasjonen, kom ein 1 veke seinare i gang med sædproduksjonen enn det ein hadde planlagt.

Erfaringar ein har gjort seg / forhold ein må ta omsyn til til neste år er mellom anna:

- Seminvêrene må vera på plass til beiteslepp.
- Sædproduksjonen må vere i gang 20. oktober.
- Det er meir som kan gjerast med omsyn til betre føring av vêrene.

- Vêrene må ikkje "køyrast for hardt." Dette var tilfelle den første tida.
- Det er stor forskjell på vêrene med omsyn til paringslyst og sædproduksjon.
- Ein må ha klare linjer omkring kven som gjer kva. Dette året vart det til tider litt for mange "ekspertar" innan kvart område.
- Bestillingane må spreiaast på fleire vêrer.
- Ein må verta flinkare til å føre påreservevêrer på bestillingane som kjem inn til Staur.
- Ein kan/må forbetre opplegg for bestilling av s ad; antall skjema som skal fyllast ut m a ned.
- Dei som st ar for utsending av s aden m a vere innforst att med viktigheita av at v erene vert fordelt p a berekningspuljene.
- Nokre s addunkar havnar p a feil stad. Dette er noko Linjegods m ata ansvaret for. Kan hende er det eit alternativ at ein g ar saman i fylka og hentar dunkane.
- Ein m a ha faste "fersks adv erer" kvar dag, slik at ein unng ar  akasera for mykje s ad.
- Pakkinga av s aden kan verta betre.

Diskusjon

Diskusjonen var innoim fleire forhold. Dei viktigaste er gjengjeve nedanfor:

- Det er viktig at ein ser resultatane av seminsatsinga p a sau i perspektiv. P a storfe og gris har ein satsa p a semin sidan 1960-talet.
- Informasjonsflyten mellom landsr adet, seminastasjon, avlsutvalg og insemin erane m a verta betre. Avlsutvalget er orientert v/ f orehandsbestillinga, men er det ikkje ved endeleg bestilling av s ad.
- At det kjem sv art mange bestillingar etter nokre f a v erer b or kunne gjerast noko med ved at avlsutvalga er flinkare til  a informere om kva v erer ein kan bestille etter. I Sogn og Fjordane har dette fungert bra.
- Ein b or i det heile verta flinkare til  a styra bestilling av s ad gjennom avlsutvalg/kontaktpersonar i fylka. Dette vil ogs a kunne gjere at behovet for utsending av mange skjema til utfylling vert mindre.
- Seminastasjonane b or samlast til evalueringsm oter.
- V ereringane kjem i ein sv art vanskeleg situasjon dersom alle skal kunne f a s ad, sj lv dei som ikkje er med i sauekontrollen.

Orientering fr a dei lokale seminastasjonane

S arh im i Rogaland v/ Guttorm Gudmestad

Gudmestad peika p a at mange av dei problema ein hadde ved seminastasjonen p a Staur i 2000 var same type problem dei hadde hatt i byrjinga ved S arheim, men som dei no hadde funne ei l osning p a

Kvaliteten p a arbeidet p a stasjonen er og personavhengig. Det er viktig at ein har ein dyktig person, som kjenner forutsetningane ein arbeider etter, til  a fordele s aden som vert sendt ut. I Rogaland har ein 14 kontaktpersonar som tek imot rapporteringsskjema. Desse reknar seminastatistikk ut fr a desse f or dei vert sendt vidare til Geno. Dette gjer at ein har resultatane fr a seminsesongen mykje tidlegare enn ein elles ville hatt, noko som er til god hjelp.

Det er moglegheit for  ombygge dagens teststasjon for oksar, som Geno har p a S arheim, til ny stasjon for seminv erene. Dette er til vurdering i Nsg.

Blindheim i Hordaland v/ Gisle Havsgård

Distribusjon av fersksæd frå prøvevêrer av spæl, ståande på Særheim, viste seg å vera vanskeleg i delar av fylket. Avkomsgransking ved semin, som ein starta opp med hausten 2000, har likevel vore positivt.

Ein ser varierende resultat hjå eigarinseminørane. Havsgård oppfordra til å lage ei rettleiing om forhold omkring insemineringa som brunst, brunstkontroll, inseminasjonstidspunkt, inseminasjonsteknikk, utstyr, mm, som kunne nyttast i etterkant av kursa.

Kapasiteten og plassen på Blindheim, der arbeidet starta i 1998, er på det næraste utnytta maksimalt.

Ein har difor vore på synfaring på Stend jordbruksskule, som er interessert i å leige ut lokaler. Ein har også tilbod om beite frå ein nedlagd gard i nærleiken. Dette er til vurdering i Nsg. Ein reknar ein stasjon i Hordaland som einaste alternativet for utsending av fersk sæd.

Lyngsalpan i Troms v/ Roar Berglund

Berglund fortalte at dei på seminstasjonen i Troms har hatt gode resultat samanlikna med resten av landet, og dei er heile tida åpne for nye idear som kan gjere resultatet endå betre.

Det vart vidare peika på betydninga som seminbruken har for dei sauebøndene som bur slik til at dei ikkje har nokon moglegheit til å delta i vêring eller vêrehaldslag. Semingransking av prøvevêrer vart sett på som svært interessant i denne samanheng.

Utveksling av erfaringar mellom stasjonane, og utnytting av same personell burde kunne gjere kvaliteten på arbeidet på den enkelte stasjon endå betre.

Uttak av seminvêrer 2001

Olav Tiller refererte til listene som vart sendt ut til avlsutvalga med aktuelle seminvêr-kandidatar frå fylket. Det mangla framleis nokre tilbakemeldingar.

Vêrene på lista til avlsutvalga vert frå landsrådet plukka ut ut frå indeksen åleine. Dette gjer at det er svært mange sønner etter seminvêrer som er aktuelle for bruk i semin.

Diskusjon

Ved at mange av dei vêrene som no er aktuelle for semin sjølv er etter seminvêrer, må ein retta eit større fokus på spørsmål omkring innavl. Det var noko ulike meiningar om kor alvorleg denne problemstillinga var no. Men særleg Buskerud opplever dette som vanskeleg då mange av seminvêrene er i slekt med vêrer derfrå

Ullprøvetaking av seminvêrene vart og diskutert. Bakgrunn for vedtak i landsrådet om at dette ikkje skal takast er at ein bør halda oppe fokus på viktigheita av det arbeidet som vert gjort på kåringa. Ein bør klare å "luke ut" vêrer med dårleg ullkvalitet/-mengd ved kåringa, slik at dei ikkje kjem med som seminvêrkandidatar når desse vert plukka ut med bakgrunn i indeks. Ein bør i sterkare grad vurdera ullprøvetaking av aktuelle seminvêrkandidatar ved kåringa. Det vart peika på at ved å velga vekk avkomsgranska vêrer med høge indeksar på grunn av ullanalyse som er teken ved eldre alder, der resultatet ved kåringa bør telja mest, driv ein avlsarbeid som eigentleg byrjar "i feil ende."

Det kom og synspunkt på at ein ikkje bør overfokusera betydninga av ein dårleg delindeks, hjå elles gode vêrer, ved uttak til semin.

Slik situasjonen er i dag vil det ikkje verta løyve til å flytta seminvêrer mellom dei lokale seminastasjonane. Det vil heller ikkje verta gitt løyve til å flytta vêrer frå seminastasjonen på Staur til dei lokale stasjonane. Det er dei veterinære styresmaktene som har bestemt dette.

Semingransking

Signe Dahl har sidan august 2000 arbeida ein god del med dette temaet v/ Institutt for husdyrfag.

Positive sider ved semingransking som vart nevnt var: redusert fare for overføring av smitte mellom buskarar, effektiv spreiding av avlsframgang, moglegheit for store avkomsgrupper og sikrere indeksar, "alle" som er interessert i avlsarbeid kan delta, ein har moglegheit til å få raskare eit høgt antall døtre.

Negative sider: færre dyr vert granska, ein må stille krav til buskapsstorleik og seminandel, kostbart, innavl, meir sentralisert avlsarbeid, praktisk gjennomførbart?

Dei ulike ledda som inngår i berekninga av avlsframgang vart diskutert; seleksjonsintensitet, sikkerhet på indeks, standardavvik til den sanne avlsverdien og generasjonsintervallet. Det vart og fokusert på spørsmål omkring genetiske band. Foreløpige resultat frå utrekningane viser ikkje kva som skal til for å ha tilstrekkeleg med genetiske band.

Forutsetningar for utrekningar vart gjennomgått.

Gjennom arbeidet med semingransking på sau siste året håpar ein å ha fått ei auka bevisstgjering på spørsmål omkring semingransking, noko ein vil ta med seg i det vidare arbeidet. Det gjenstår imidlertid framleis mykje arbeid før ein kan konkludere på noko som helst måte.

Diskusjon

Med det som føregår på sjukdomssida, med ytterligere restriksjonar på avlsarbeidet som mogleg følge, er det viktig at ein brukar ressursar på arbeidet med utvikling av semingransking.

Interessa dette har for dei mindre rasane, til dømes pelssauen, vart nevnt.

Det vart påpeika at dette er eit arbeid ein ikkje må forhasta seg med. Ein må ikkje innføra noko før ein er sikker på kva følger det vil få

Orientering frå sauekontrollen

Ola Nafstad v/ Fagsenteret for kjøtt og leiar i Samarbeidsrådet for sauekontrollen Birger Ingebrigtsen orienterte om bakgrunnen for vedtaket i Samarbeidsrådet for sauekontrollen om at brukare av dataprogrammet Led-sau ikkje lengre skal kunne levere diskett/fil til sauekontrollen.

Det vart sagt at dette er eit vedtak som er heilt nødvendig for at ein skal få auka tillit til sauekontrollen. Det er feil i sauekontrollen og, og for å løysa desse er det nødvendig at det ikkje er andre feilkjelder tilstades. Alt for mykje tid har tidlegare gått med til å retta opp feil som skuldast at det har vore feil i data innsendt elektronisk frå Led-sau programmet.

Ein har ikkje noko til overs for den språkbruken som har vore nytta i etterkant av at vedtaket vart fatta. Alt for mange som ikkje kjenner fakta i saka har kome med svært bastante meiningar. Det var og frustrasjon over korleis Lindholt Data hadde handsama saka i ettertid.

Det vart presisert at dersom Led-sau-programmet vert forbedra og kvalitetssikra skikkeleg, vil ein igjen kunne senda data elektronisk herfrå Dette kan imidlertid ikkje vere sauekontrollen sitt ansvar. Led-sau er eit svært godt program for bruk i den enkelte buskapen.

For å forbetre den situasjonen ein har i sauekontrollen idag arbeider ein i tillegg med:

- ny kommunikasjonsløyising for produksjonsrådgjevare.
- nytt databasemiljø – direkte kommunikasjon med NLH.
- helsedataprojekt.

Diskusjon

Det vart påpeika at Lindholt Data burde ha vore med på møtet for å gje deira versjon av saka. Elles var ein einige om at det er heilt nødvendig å rydde opp i dei problema ein har hatt. Fleire uttrykte støtte for dei bestemmingane som var gjort. Ingen gav uttrykk for at dei var ueinige i desse.

Ringarbeid

Eigenerklærings skjema for vêreringar

På initiativ frå avlsutvalget i Oppland har landsrådet og avlsutvalget i Oppland i vinter utforma 2 skjema som skal fyllast ut av dei enkelte medlemmene i avlsbuskapar.

Leiv Sigbjørn Eikje orienterte om dette arbeidet.

Bakgrunnen er todelt:

- Det skal vera eit hjelpemiddel for ring-/vêrehaldslagsstyret og avlsutvalget til betre å følgja opp det arbeidet som vert gjort i avlsbuskapen.
- Det skal setja eit auka fokus hjå kvart medlem på viktigheita av det arbeidet ein gjer.

Skjemaene vart i vinter sendt ut til medlemmene i vêreringane i Oppland. Erfaringar herfrå og innspel/synspunkt frå avlsutvalga for sau vil avgjere om, og i kva form, desse skjemaene skal nyttast i framtida.

Det eine skjemaet er tenkt skal fyllast ut når ein vert medlem i avlsbuskapen, medan det andre skal fyllast ut kvart år.

Det er sett på som viktig at skjemaene ikkje er ”overfylte med spørsmål” og at det skal vera relativt enkelt å svara på det ein spør om, enten ved avkryssing, ja/nei – spørsmål eller ved bruk av tal.

Skjemaene er tenkt delt ut og samla saman av ringstyret, og at avlsutvalget, etter gjennomgang i ringstyret, får dette tilsendt.

Skjemaene er lagt ved referatet frå møte i landsrådet 7. februar 2001, sak 9/01, sendt avlsutvalga v/ leiar og sekretær.

Diskusjon

Det er viktig at skjemaene ikkje vert for vanskelege å fylle ut. Ein har lite igjen for eit slikt skjema dersom det vert slurva med innrapporteringane. Til dømes *kan* detta verta tilfelle der ein spør om gjennomsnittlege indeksar i buskapen.

Ein skal og vere litt varsom med å ”tre for mykje nedover hovudet” på medlemmene. Det kan diskuterast kor mykje ein skal kreve vert besvart.

I nokre fylke eksisterar det allereie liknande skjema. Erfaringar herfrå bør takast med i det vidare arbeidet.

Det var einighet om at skjema for avlsbuskapar har noko føre seg og at ein skal arbeide vidare med dette.

Kåring

Kursmateriell for kåringsdommare

Med bakgrunn i det som kom fram på samling for kåringsdommaransvarlege i Verdal i september i fjor og materiell som vart nytta der, skal ein utarbeida kurshefte for kåringsdommare. Dette har og vore på høyring hjå avlsutvalga, som hadde svært få merknader.

Disposisjon for heftet vart presentert.

Diskusjon

Då det ikkje var merknader til kursheftet vil dei ansvarlege basera seg på det materiellet og dei tilbakemeldingane ein fekk i Verdal i den endelege utforminga.

PC-kåring

Ein demonstrasjon av PC-kåringsprogrammet vart føretatt av Lars Erik Wallin.

Endringar i 2001 vil vera :

- ring-/ avlsgruppenummer, det vil seie om lammet er født i avlsbuskap, skal kome opp automatisk i programmet.
- ein vil retta opp feil i korrigeringa for vekt.
- det vil verta moglegheit for endring av stammeopplysningar.

Ein håpar i 2001- versjonen av programmet å kunne presentere vêrekatalogfunksjon og stamtrefunksjon. Døme på grunndata i katalogen vart presentert; kåringsnr., vêrens navn, fødebuskap, fødestad, ring, rase, indeksar (dyret sjølv, far, mor, farfar og mormor), kåringsopplysningar, anna?

Døme på stamtre vart presentert.

Då det varierer kva opplysningar som ligg i vêrebasen frå tidlegare år (tilbake til 1979) vil ein få ut noko ulike opplysningar om ått dei fyrste åra.

Diskusjon

Ein bør få tilbakemelding frå avlsutvalga om behovet for vêrekatalog i PC-kåringsprogrammet.

Kjøtkåring

Kjøtkåring har vore utprøvd for fyrste gong i Rogaland hausten 2000. Erfaringar frå dette og tankar om det vidare arbeidet vart presentert av Rune Osland.

Arbeidet med kjøtkåring har vorte positivt motatt i dei miljøa som ønskjer eit særleg fokus på kjøttfylde i saueavlen. Framleis gjenstår imidlertid ein del arbeid før ein kan ta i bruk eit endeleg opplegg. Osland la vekt på følgjande:

- Ein bør ultralydmåla heile buskapen. Ultralydmåling av 15 tilfeldige vêrlam i buskapen, slik som regelverket seier, vert for unøyaktig. Hjå dei som vil satsa på bruk av ultralydmål og kjøtkåring bør det vera vilje til dette.
- Kva tid skal ein ultralydmåla?. Forsøk viser at ein kan få sikre resultat i tidleg alder. Å kunne gjere dette er viktig i område der ein slaktar tidlegare.
- Lam stilt til kjøtkåring bør ikkje samstundes kunne stillast til vanleg kåring. Dette skapar for mykje forvirring.
- Ultralydmålet bør vera med i den endelege poengsummen, men utrekninga for å få dette til må ikkje verta for komplisert.
- Formelen for utrekning frå ultralydmål til poeng, slik den er no, meiner ein er feil. Spesielt gjeld dette forholdet mellom kjøtt- og feittmål. Utrekninga frå feittmål til poeng vert feil når ein ultralydmålar ved ung alder.
- Ein må sjå meir på korrigeringsfaktorane for ultralydmål som vert nytta. I dag har ein ikkje korrigeringsfaktorar ved ein så ung alder som det kan vera ønskjeleg å måla.
- Vêrlam til kjøtkåring bør klyppast 2 veker før kåringa.

Diskusjon

Det er i Rogaland behov for å prøva ut kjøtkåring endå eit år før ein bestemmer seg for eit endeleg opplegg.

Kjøtkåring kan vera aktuelt i andre fylker og, men har til no berre vorte prøvd i Rogaland.

Det var og spørsmål om kor mykje ressursar ein kan legge ned i dette arbeidet.

Ull i avlsarbeidet

Vektlegging av ull i indeksen

Leiv Sigbjørn Eikje stilte spørsmål om det er behov for ei drøfting av den vektlegginga ein har for ullmengd i indeksen.

Det som gjer spørsmålet spesielt aktuelt er dei registreringane for eigenskapen som nå vert gjort.

Frivillig registrering av ullmengd på 1 år gamle søyer gjer at det kjem svært få opplysningar herfrå. I tillegg er det truleg slik at nokre av ullvektene på dei innsatte vêrene i ring, som er den andre registeringskjelda, er svært unøyaktige.

Skal ein skjerpe det registeringsarbeidet som vert gjort eller vil det mest lønnsame i framtida vere å konsentrere dette arbeidet om kåringa?

Ulike forhold vart i denne samanheng nevnt:

- Kva er den rette økonomiske vektlegginga for ullmengd?
- Skal ein sleppa eigenskapen heilt fritt, skal ein sørja for at ein ikkje får tilbakegang for eigenskapen jmf. negative genetiske korrelasjonar, eller ønskjer ein framgang?.
- Kva tiltak må setjast inn dersom ein skal unngå tilbakegang, eller til og med få framgang?
 - vektlegging i indeksar og evt. vektlegging med restriksjonar?
 - ullregistrering ved kåring og innsett i ring?
 - registrering på 1 års gamle dyr?
 - registrering på alle dyr?
 - nøyaktig registrering (der slik registrering skal føregå).
- Vil registrering berre på vêrlam og evt. 1 års gamle dyr ha uheldige konsekvensar?
- Kost-/nyttevurdering av å registrera ullvekt eller ikkje (berre på lam, 1 år gamle dyr, alle dyr).
- Bør ullkvalitet vurderast framføre ullmengd?

Diskusjon

Det vart sagt at det bør vere eit absolutt krav at vêreringane ikkje slurvar med innrapportering av ullmengd på verer innsett.

Det var og meiningar om at kåringa ikkje var nok til å bedømme ullmengd. Ein må forsette å vege ulla til verer innsett i ring, eventuelt og vege ulla til 1 år gamle søyer om det er nødvendig. Det vart nevnt at det kan vere vanskeleg å vurdere ullmengd ved kåringa, spesielt nå lamma har ulik kroppstorleik.

Ulldømming på kåringa

Sissel Bernsten tok før seg utviklinga på ullkvalitet gjennom åra, der ho meinte at tendensen er at ein nå har fått ei større spreining. Ullmengda aukar i den dårlegaste enden av skalaen. Ho stilte og spørsmålsteikn ved kåringsreglementet der ein tillet spor av dauhår i ulla og samtidig seier at ulla skal halde god klasse 1. Det har vorte noko meir dauhår i ulla i det siste. Berntsen meinte dette har å gjera med eit aukande texelinnslag.

Det viser seg og å vera varierende kvalitet på ulla mellom fylker.

Vidare var ho kritisk til enkelte av seminvêrene som ho meinte hadde for dårleg ullkvalitet.

Diskusjon

Spørsmål om ullprøvetaking av seminvêrene vart teken opp. Dette er omtala under ”uttak av seminvêrer 2001.”

Kåringsreglementet vil verta endra slik at det samsvarar med norsk ullstandard.

Det vil verta gjort eit grundigare arbeid med omsyn til vurdering av ullkvalitet hjå seminvêrene for 2001.

Midler til det fylkesvise avlsarbeidet, Nsg Semin A/S og nytt frå Nsg

Styreleiar i Nsg, Odd E. Risan, tok opp dei økonomiske forutsetningane som ligg bak arbeidet innan semin og avlsarbeid på sau.

Han orienterte og om midler bevilga til det fylkesvise avlsarbeidet på sau og geit frå Omsetningsrådet og litt om utsiktene framover.

Satsinga på Nsg Semin A/S vart omtala.

Diskusjon

Det vart uttrykt behov for klarare informasjon om kva rolle Nsg Semin A/S skal ha i forhold til landsråd, avlsutvalg og vêre-/seminringar, og viktigheita av at seminsatsinga ikkje går på bekostning av avlsarbeidet i ringane. Det må vera attraktivt å vera med på avlsarbeidet i ringane.

Oppsummering/Avslutning

I si oppsummering/avslutning av samlinga la Sigurd Krekke vekt på at det synast å vere stor einsemd om det arbeidet som er/vert gjort og dei prioriterte oppgåver framover.

Han understreka at det er viktig at utsendingane frå fylka formidler inntrykka sine vidare til næringa i sine respektive fylker, og viktigheta av tilbakemeldingar på saker det vert arbeida med.

Leiv Sigbjørn Eikje
ref.